

Referat frå LOP sin dagstur til Skåbu og Sikkilsdalen, 22.08.2024

Torsdag 22. august dro 20 medlemmer av LOP Gudbrandsdal på dagstur til Skåbu og Sikkilsdalen. 25 var påmelde, men fem vart av ymse grunnar avmelde. Vi kjørde i privatbilar, og vêret var både grått og litt vått, men det påverka ikkje stemninga, da opplegga var innadørs og interessante (som vanleg).

Ein blir aldri trøytt av å kjøre den kronglute vegen til Skåbu, med skue ut over den avgrunnsdjupe dalen, med elva så langt nede at ein berre kan undrast, og med flotte gardar trass i ein oftast bratt og tungdreven jordveg. SKÅBU, som ligg 870 moh og er det mest høgtliggjande bygdesamfunnet i landet, har ei historie heilt attende til vikingetida, med eit avbrekk på ca 300 år frå Svartedauden til 1600-talet. Namnet stammar frå den norrøne gudinna SKADE, gudinna for jord, vinter og ski. Første stoppen vår var ved kyrkja, ei tømmerkyrkje frå 1927, bygd med ein enorm dugnadsinnsats av bygdefolket sjølve. Marit Håkenstad ynskte oss velkomne og overlet ordet til Unni Bøyum Kluge, ei sers engasjert dame, som har tapt hjertet sitt til bygda og kyrkja. Den særeigne treskurden i kyrkja er utført av treskjæraren Per Haugen frå Vågå. Inspirasjonen frå gamle meistrar i dalen, som Jacub Klukstad og Skjåk-Ola er tydeleg, medan Haugen sitt uttrykk er endå meir kraftfullt, og med fargar som speglar naturen.



Figur 1: Skåbu kyrkje frå 1927



Figur 2: Interiør frå kyrkja



Figur 3: Hestane i Sikkilsdalen



Figur 4: Lunsj i Sikkilsdalseter fjellsove

Etter den interessante og gode stunda i kyrkjerommet, var det kaffe og biteti i Kyrkjestugu. Da verste kaffetørsten var sløkt, var det Marit Håkenstad sin tur å fortelje den sterke historia om krigsseglaren Leif Klæbo frå Honningsvåg, som bygde og budde åra sine etter krigen i Skåbu, og som var gravlagt der i 1975. Som ungjente på Harildstad opplevde ho at faren tok imot Klæbo og let han låne ei fiskebu innved Ner-Åkre, der han etter kvart bygde seg eit lite hus på andre sida av vatnet (Seahawk). Marit har leita i skipsarkiv og kunne fortelje mykje om det farefulle livet Klæbo hadde hatt, og kva som kanskje gjorde han til den einstøingen han vart. Ein utruleg kjole frå det store utlandet måtte sjølvsgast fram, ei gåve ho fekk som 15-åring av Klæbo.

Turen vidare til Sikkilsdalssetra var lang og på ein ganske ruskete grusveg, men da fekk vi erfare kor lang seterveg dei hadde, og at vinterbrøyting ikkje kunne vera aktuelt.

Sikkilsdalen er kjent for hestesleppet sitt om våren, og mange var nok spente på om vi skulle vera heldige å få sjå nokre av dei no og. Det var vi – dei sto i regnet:

I god tid framme på setra vart vi varmt mottekne av vertinna, og vi kunne rusle rundt i den trivelege peisestua og sjå på vakre hestebilete og ekstra gamle Krognest-møbel med ei noko anna utforming enn dei vi er mest vane med. Så var det lunsj med heimefiska aure med rømme og agurksalat. Sonen til vertinna, Tor Sande, fortalde den noko spesielle historia til setra før vi avslutta besøket med smakfull karamellpudding og kaffe.

Deretter var det retur til Skåbu, der felespelaren Roger Slåstuen tok imot oss utafor kyrkja og viste oss minnelunden og støtta med portrett av den kjende spelemannen Torger Iverstuen. Inne i kyrkja fortalde Roger livfullt om familien og livet til Torger, som vaks opp på ein fattig, liten plass på andre sida av elva Vinstra. Ikkje berre var Roger god til å fortelje; då han let fela låte, vart vi stumme nokon kvar - ikkje tvil om at han er ein av toppane i landet på flatfele!

Nok ein vellukka dagstur for LOP Gudbrandsdal er over, så stor takk til Marit og Birgit som planla og organiserte det heile!

Liv Storbækken
sekretær